

Informasjon om strålebehandling

Korleis finne fram?

Kreftavdelinga ligg søraust for hovudbygget ved Ålesund sjukehus. Frå hovudbygget er kreftavdelinga kopla med ein tunnel under jorda.

Når du får strålebehandling representerer du overhovudet ikkje nokon strålefare for dine omgivnader. Du kan derfor omgåast andre akkurat som før.

Det er fullt mogeleg å ta med pårørande undervegs i behandlinga.

BEHOV FOR MEIR INFORMASJON?

Har du spørsmål i samband med strålebehandlinga, kan du spørje personalet på stråleterapiavdelinga. Du kan òg snakke med legen når du er til kontroll. Vi vil hjelpe deg så godt vi kan.

Ta gjerne kontakt på telefon: 70 10 69 15

Vi ønskjer deg lukke til med behandlinga.

Velkomen til Kreftavdelinga i Helse Sunnmøre, Ålesund sjukehus



Føreord

Dette heftet vil fortelje litt om kva strålebehandling er, og om førebuingane før behandling kan starte.

I tillegg til dette heftet vil du få utfyllande informasjon i førekant av behandlinga.

Viss det er noko du lurar på må du gjerne spørje oss som jobbar her. Vi vil hjelpe deg med råd og rettleiing.

VELKOMEN TIL OSS!



Under behandling

ERNÆRING OG VÆSKETILSKØT

Under behandlinga er det viktig at du drikk mykje, helst 1-2 liter dagleg, slik at avfallsstoff skillast ut. Ved kvalme og nedsett apetitt kan hyppige og små måltid gjere nytta.

STRÅLEBEHANDLING OG RØYKING

Strålebehandlinga er avhengig av surstoff for å ha effekt. Røyking kan medføre mindre surstofftilførsel og kan derfor minske effekten av strålebehandlinga. Unngå derfor røyking minst 2 timar før og etter strålebehandling.

SOLING

Du kan sole deg, men i behandlingsperioden og opptil 2 år etter, bør du dekkje til bestrålt hud. Solkrem med høg faktor, eller sunblock, kan nyttast viss ikkje huda er tildekt. Elles kan du sole kroppen som normalt.

Strålebehandling

Behandlingsapparatet står i eit eige skjerma rom. Stråleterapeutane sørger for at du ligg i riktig leie. Strålefeltet vert innstilt ved hjelp av dei markeringane som er teikna på tidlegare. Under sjølve strålinga ligg du åleine i rommet, medan behandlinga vert leia under oppsyn av personalet utafor. Du blir heile tida overvaka via ein tv-skjerm og kan når som helst få kontakt med personalet.

Du vil ikkje kjenne noko under strålebehandlinga, men du vil høyre ein summande lyd medan strålinga pågår.

Med innstilling og stråling tek strålebehandlinga vanlegvis 10-20 minutt kvar gong.

BIVERKNADER

Strålane påverkar alle celler i behandlingsområdet og kan føre til biverknader. Biverknadene varierer hjå kvar enkelt person, og er avhengig av dose og kva for område på kroppen som vert bestrålt. I dei fleste tilfelle vil biverknadene minke og verte borte 2-4 veker etter avslutta behandling.

TRØTTLEIK

Strålebehandlinga kan gjere at du kjenner deg meir trøytt og slapp. Det er då godt å få litt ekstra søvn og kvile. Frisk luft gjer godt, ta gjerne ein spasertur om du har moglegheit. Lytt til kroppen sine behov!

HUDREAKSJONAR

Behandlinga kan gi hudreaksjoner, som raudheit, sårheit og kløe, i sjølve strålefeltet. Graden av hudreaksjoner er mellom anna avhengig av stråledosen og kvar på kroppen du vert bestrålt.

Du bør unngå bruk av parfymerte produkt på behandla område. Viss du vil tilføre huda fukt under behandlinga kan du påføre huda ein uparfymert krem, som til dømes blå Apobase, Aloe vera og liknande. Det er viktig å hugse at smøring med krem alltid skal gå føre seg etter behandling.



Kva er strålebehandling

Strålane som vert gitt ved strålebehandling kan samanliknast med strålane frå eit røntgenapparat, skilnaden er at dei har høgare energi. Desse strålane er i stand til å skade kreftceller slik at dei dør.

Normalt vev har større toleranse for stråling enn svulstvev og har dermed betre evne til å reparere dei skadene som stråling medfører. Ved å dele opp den totale stråledosen i små daglege doser vert denne effekten forsterka og gir normalt vev tid til reparasjon mellom kvar behandling.

Strålebehandling kan nyttast åleine eller i kombinasjon med andre behandlingsformer, som kirurgi, hormon- og cellegiftbehandling. Behandlinga er individuelt tilpassa, avhengig av mellom anna krefttype og lokalisasjon.

Planlegging før behandlingsstart

Fiksering

For at strålane skal treffe på nøyaktig same stad kvar behandling, er det viktig at du ligg heilt i ro og i same stilling. For å sikre dette nyttast til dømes diverse puter og former, avhengig av kva for område som skal behandlast.

Når hovud-/halsområdet skal strålebehandlast må vi lage ei maske til bruk ved kvar behandling.

CT

Nokre gonger kan det vere naudsynt å ta ein CT (snittfotografering med røntgen) på vår avdeling for å planleggje strålebehandlinga.

Planleggjinga er ein tidkrevande prosess som vert gjort i samarbeid mellom stråleterapeut, lege og fysikar.

Det kan ta opptil ei veke mellom CT og innstilling av strålefelta på simulator.



Simulator

Når naudsynte undersøkingar og førebuingar er gjort, kjem du til simulator. Her stiller vi inn strålefelta, og dei vert teikna på huda med tusj.

Simulator er eit røntgenapparat som liknar eit behandlingsapparat. Ved hjelp av gjennomlysing vert området du skal få stråling mot lokalisert og teikna på huda.

Tusjstrekane gjer at stråleterapeutane kan rette strålane mot same område ved kvar behandling, desse strekane må ikkje vaskast vekk.

Innstillingstid på simulator vil ta omlag 1 time. Det er svært viktig at du ligg i same leie ved seinare behandlingar. Har du vanskar med å liggje stille så lenge som det krevst, er det derfor viktig at du gir beskjed slik at vi gjere nokre førebuingar.

Hjå enkelte nyttar ein såkalla virtuell simulering. I denne typen simulering vil ikkje pasienten vere innom simulator, men vert justert og kontrollert direkte på behandlingsapparatet på grunnlag av CT-bileta nytta til doseplanlegging.

